

PÅMELDING -innan 5.februar.

Send/lever denne lappen, send sms, e-mail eller ring ☺

Adresse: Forsand kyrkjekontor, Fossanvegen 380, 4110 Forsand

Tlf kyrkjekontoret: 51 700 171

Tlf Irene Thu: 91 70 37 26

e-mail: kyrkjekontoret@forsand.kommune.no

FÅ MED DESSE OPPLYSNINGANE:

Namn på barnet: _____

Namn føresatte: _____

Tlf. føresatte: _____

Evt.matallergi: _____

Kommentar: _____

Treng barnet noko ekstra oppfølging, så er det fint om de gjer beskjed på førehand, slik me kan legge til rette for at han/hun skal få det best mogleg.

Går barnet i barnehagen den dagen, slik at leiarane skal hente han/ho: Ja: _____ Nei: _____

Nb! Det er viktig at de gjer beskjed til barnehagen om dette!

Til deg som skal byrja på skulen til hausten!



Forsand kyrkjelyd vil nå få invitere deg til

Dåpsskule!

Kva er dåpsskule?

Dåpsskulen er ein slags klubb i kyrkja!
Her vil du få høyre om Jesus, synge, leike og av og til lage noko du kan ta med deg heim. Og så har me matpause ☺

Me skal altså vere i kyrkja,
-og for å bli skikkeleg godt kjent her,
vil me ha skattejakt på ei av samlingane!

Kjempekjekt om du har lyst til å komme!



Tidspunkt:

Dåpsskulen er på torsdagar, frå 9.februar til og med 23.mars,
-med unntak av torsdag 2.mars som er i vinterferien.

Leiarane ved dåpsskulen hentar dei som går i barnehagen, kl.15.00, og så går me saman ned til kyrkja.
Dei som ikkje går i barnehagen på torsdagar,
kan møte ved kyrkja ca. kl. 15.15.
Dåpsskulen sluttar kl.16.15.

Til føresette:

Dåpsskulen er ein del av trusopplæringsreforma, der kyrkja sitt fokus er å samarbeide med heimane om å lære barna om trua vår! Tidlegare vart store deler av kristendomsundervisninga dekkja av skulane. Slik er det ikkje lenger. Ansvar for å lære opp barna i trua på Jesus, er nå lagt meir over på de som foreldre, saman med kyrkjelyden. Dåpsskulen er ein del av den trusopplæringa Forsand kyrkjelyd tilbyr barnet dykkar. Dåpsskulen er gratis.

Program og innhald:

På dåpsskulen legg me vekt på å ha det koseleg i lag. Me brukar å ete noko, me har samling og aktivitetar. På samlinga fortel ein av leiarane ei bibelforteljing, eller om dåp og nattverd. Etterpå snakkar me litt saman om kva dei tenkjer om det dei har høyrte. Og så syng me litt. Me får og tid til aktivitetar og leik.

Som avslutning for dåpsskulen vert barna og familiane spesielt inviterte til ei gudsteneste, det vert søndag 26.mars.
De vil få eiga invitasjon til dette når det nærmar seg.

Om nokre føresette ønskjer å følgje barnet på dåpsskulen, er de sjølvsagt hjarteleg velkomne til det!

Har du spørsmål, så berre ta kontakt!
Kontaktinformasjon står på påmeldingslippen på baksida.

Helsing dåpsskuleleiarane
v/Irene Thu (Kyrkjelydsarbeidar)



STØRST AV ALT